

Introduksjon og inkludering av born og unge med innvandrar- og flyktningbakgrunn i Kvam Herad, 2017- 2020



INNHALD:

INTRODUKSJON TIL DOKUMENTET	5
OM KVAM FAMILIE- OG LÆRINGSSENTER.....	6
BARN PÅ FLUKT	8
KOMMUNEN SI OPPGÅVE	9
- OVERORDNA MÅL.....	9
OMGREPSAVKLARING	10
Inkludering og integrering	10
Flyktning, innvandrar, asylsøkjjar	10
Fleirspråkleg versus minoritetsspråkleg	11
FLEIRKULTURELT BLIKK	13
BRUK AV TOLK.....	15
Offentleg ansvar	15
Kommunikasjon ved bruk av tolk	15
Rutinar i Kvam	16
MOTTAK OG OPPFØLGING HJÅ NAV	17
Rutinar før og ved ankomst	17
Informasjonsutveksling	18
MOTTAK OG OPPFYLGING I HELSEETATEN.....	19

Rutinar før og ved ankomst.....	19
BARN OG UNGE MED FLYKTNINGBAKGRUNN	22
I BARNEHAGE OG SKULE	22
Traumer.....	22
Identitetsutvikling i barnehage og skule	24
Ein generell arbeidsinnstruks i høve til arbeid med fleirkulturelle barn	24
Barnehage.....	26
Kjernepunkt i alt arbeid kring fleirspråklege born i barnehage i Kvam	28
Språkutvikling i barnehagen.....	28
Før ankomst ; Rutine ved introduksjon i barnehage	29
Ved ankomst.....	30
Fyrstesamtale	30
Vidare oppfølging.....	31
Den fleirkulturelle barnehagen	31
Foreldresamarbeid	32
Skule	33
Lovpålagt opplæring, paragraf 2.8	33
Fleirkulturell og identitetsskapande skule	34
Andrespråksinnlæring	36
Kjernepunkt i alt arbeid kring fleirspråklege born i Kvam	36
Introduksjon av elevane i skulen i Kvam	37
Før ankomst.....	37
Ved ankomst ; Rutine ved introduksjon i skule	37
Samarbeid med heimen	39
Foreldresamarbeid.....	40
- barnehage og skule	40
Foreldremedverknad	40
Informasjonsformidling	41
Skriftleg informasjon:	42
Rettleiing barnehage og skule	43

Haldningsskapande arbeid i skule og barnehage	44
EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR.....	45
FRITID OG FRITIDSAKTIVITETAR FOR BORN OG UNGE MED FLYKTNINGBAKGRUNN.....	46
KOMMUNIKASJONSKANALAR MED OG TIL FAMILIAR MED FLYKTNINGBAKGRUNN I KVAM HERAD	47
FØREBYGGJANDE ARBEID MOT RADIKALISERING.....	48
VEDLEGG.....	51
Vedlegg 1: Mal for introduksjon; tverrfagleg skjema	51
Vedlegg 2: Introskjema for skulane	54
Skjema 1: Referat frå velkomstsamtalen.....	54
Vedlegg 3: Introskjema for skulane	60

Introduksjon til dokumentet

Dette dokumentet er utarbeidd av Kvam Familie- og læringscenter (KFL), og er eit grunnlagsdokumentet som skal danna fundamentet for system og rutinar for mottak og oppfølging av barnefamilier med flyktning- og innvandrarbakgrunn i Kvam Herad.

Dokumentet legg til grunn verdiar og visjonar for dette arbeidet, men det kjem også til å innehalda ein oversikt over korleis ulike etatar skal dela ansvaret når det gjeld mottak og oppfølging av denne gruppa.

Arbeidet med planen har føregått gjennom ein prosess der dei ulike etatane har lese gjennom utkast og er bedne om å uttala seg og koma med bidrag.

Grunnlagsdokumentet skal danna eit teoretisk og fagleg fundament, og samstundes vera ei konkret brukarvegledning for dei ulike etatane. Den delen av dokumentet som omhandlar konkrete tiltak og rutinar, er det derfor meininga at ein skal kunna bruka som ei handbok i dei ulike etatane.

Det har vore viktig å setja dei omgrepa og den terminologien som vert brukt, inn i faglege rammer. Det vil derfor vera fyrst vera ein gjennomgang og drøfting av ein del sentrale omgrep. Deretter vert kvar etat gjennomgått, med omsyn til korleis den einskilte eininga skal førebu, ta i mot og fylgje opp familien og borna. Det vil også undervegs verta referert til faglitteratur og forsking på området.

Vidare i innleiinga, vert det ein kort presentasjon av KFL, før ei tematisering rundt born på flukt. Deretter er det presentert ei oversikt over dei overordna måla til kommunen i arbeidet med fleirkulturelle born.

Om Kvam Familie- og læringssenter

KFL vart vedteken etablert i Heradstyret 18.12.2012, i samband med Budsjett 2013/Økonomiplan 2013-2016. Rådmannen ynskte tiltak for å betra oppvekstvilkåra i kommunen, og under punkt 1.3.1 les me: *«.... spesielt tre viktige tiltak for å styrkja satsinga på barn og unge sine oppvekstvilkår; vidareutvikling av kvaliteten i skulen, oppfylle måla i barnehageplanen og til slutt etablering av «Kvam familie- og læringssenter».*

Målgruppa for KFL er alle familiar med barn og unge som oppheld seg i Kvam Herad. Sårbare og utsette born/ungdom og deira familiar frå 0 til 23 år, er i særskilt fokus. KFL hadde prosjektleiar frå februar 2015-des 2016 i 40 % stilling. Visjon for KFL er «heilskapleg blick – felles ansvar». Pr.1/12-16 38 tilsette knytt til Kvam Familie- og læringssenter.

I økonomiplan 2016- 2019, under særtema 6.19, ser ei av målsetjingane slik ut:

«....Plan for introduksjon av fleirspråklege born. Saman med andre hjelpetenester i KFL og andre einingar få eit felles system kring introduksjon av flyktning- og innvandrarfamiliar, og leggja betre til rette for at dei få den hjelpa dei treng (s 101).»

Tenestene i KFL har alle sine kjerneoppgåver som framleis skal løysast ut frå lovverket. Under kjem ei kort skildring av kvar teneste.

Helsestasjon – og skulehelsetenesta er lovfesta i Helse-og omsorgslova, ei tenesta til alle born, unge 0-20 år, og alle gravide som ynskjer å gå til svangerskapskontroll i tilknyting til helsestasjon.

Tenesta skal vera eit lågterskeltilbod. Helsestasjon og skulehelsetenesta skal bidra til å førebyggja sjukdom og skade, fremja god fysisk og psykisk helse hjå blivande foreldre og barn og ungdom 0 -20 år, og fremja gode sosiale og miljømessige forhold.

PPT er regulert av opplæringslova §5/barnehagelova §19. Tenesta skal hjelpe skule og barnehage i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. PPT skal sørgja for at det vert utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det.

Barnevernet vert i hovudsak regulert ut frå Lov om barneverntjenester. Og hovudoppgåva er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid.

Kommunelogoped driv språkbehandling for innbyggjarar 0-100 år.

Støtteteam barnehagar er dei spesialpedagogane som driv spesialpedagogisk hjelptilbod enkeltborn ut frå barnehagelova § 19. I tillegg driv støtteteam PPT førebyggjande hjelp og arbeider etter prinsippa i Tidleg innsats.

Nye Familiesenteret er KFL si tiltaksavdeling, som driv både førebyggjande/lågterskel og behandlande. Kommunepsykolog for born/familiar er no organisert saman med familierattleiarane i familieteam, som skal gje tidleg hjelp for å hindre utvikling av vanskar. LOS for ungdom og utekontakt er i også flytta til Familiesenteret.

Barn på flukt

Kvart år kjem fleire hundre barn til Norge for å søkja vern og asyl. Det bur til ei kvar tid fleire tusen born i norske asylmottak. Mange av dei har budd der i meir enn tre år, og dei har liva sine på vent. Det er ikkje mottakssenter i Kvam.

Borna kjem frå mange ulike land, dei er høyrer til ulike religionar, og ulike sosiale grupper. Nokre kjem direkte frå heimlandet, medan andre har vore i eitt eller fleire land før dei kom til Noreg. Dei fleste borna kjem til Noreg saman med ein eller begge foreldra eller andre familiemedlemmer. Andre born kjem aleine som einslege mindreårige asylsøkjjarar. Desse borna, om dei er aleine eller saman med familien, er spesielt sårbare og har ekstra behov for omsorg og tryggleik, og dette skal ivaretakast av den norske stat gjennom utlendingsmyndigheitene og barnevernet.

Det å vera på flukt er einstyddande med å kjenna på manglande tryggleik og stabilitet. Det kan bety at ein har foreldre som opplever krise, og som også har mista kontroll over si eiga og familien si framtid. Alt kjent og kjær er borte: Hus og heim, arbeid, vener, naboar, besteforeldre - og for nokon også foreldre og søsken.

I tillegg til alt dette, er alt det ein møter i det nye landet ukjent og nytt. Det kan for mange verta opplevd som svært forvirrande og skræmmande. Eit tilvære som asylsøkjjar kan derfor ofte føra til store psykososiale påkjenningar. Det er viktig at born har ein trygg base og utsikt til ei trygg framtid for å ivareta ein god barndom og helse. Mange born som søker asyl opplever ikkje dette i Norge i dag. Dette er ei sårbar gruppe som er prisgitt foreldra sine meir eller mindre frivillige val gjort i vanskelege situasjonar. Alle born har rett til å søkje om asyl, og Barnekonvensjonen gjev oss klare vilkår for å sikre alle born omsorg og vern når dei treng det (<http://www.reddbarna.no>).

Kommunen si oppgåve - overordna mål

- **Ivareta den psykososiale utvikling til born som er flyktningar og asylsøklarar, gjennom integreringstiltak og inkludering.**
- **Alle involverte etatar må ha eit heilskapleg blikk på borna og familiane.**
- **Dei involverte tenestene får informasjon og førebur sine ansvarsområde, det må difor vera avklart kven som er ansvarleg for å gje kva informasjon.**

Omgrepsavklaring

Inkludering og integrering

Inkludering kjenneteiknar ein prosess og eit mål der deltaking i fellesskapen er bygd over ulikskapane. Kjerna i dette omgrepet er derfor å auka individets deltaking og utbytte av å delta og reelt påverke denne fellesskapen.

I utgangspunktet må integrering forståast slik at alle skal ha de same moglegheiter, rettar og plikter til og for deltaking i samfunnet. Fordi "integrering" ikkje inneber det same kravet til relasjonsbygging og sosial deltaking som "inkludering", vert integrering ofte forstått som fysisk tilrettelegging gjennom auka tilgjenge og betra organisering for deltaking i fellesskapen, for eksempel for minoritetsspråklige og/eller personer med funksjonsnedsetjing (UDIR.no).

Slik desse omgrepa vanlegvis vert brukt i dag, så er integrering meir statisk enn inkludering. Noko av kritikken mot omgrepet integrering er at ein fokuserer på, og dermed bekreftar, skiljet mellom dei borna som skal integrerast og alle de andre "vanlege" borna. Omgrepet kan fort oppfattast slik at nokon i utgangspunktet har stått utenfor fellesskapen. Inkludering representerer et perspektivskifte der ein understrekar at alle høyrer med i utgangspunktet, uavhengig av føresetnader, og på denne måten motverkar dette perspektivet ekskludering av born som ikkje tilhøyrer majoriteten. Ein fokuserer dermed også på omgjevnadane og ikkje det enkelte barn (NAFO.no).

I planen kjem omgrepet INKLUDERING til å nyttast.

Flyktning, innvandrar, asylsøklar

Innvandrar vert av SSB definert som «personer med to utenlandsfødte foreldre»: førstegenerasjonsinnvandrere som har innvandret til Norge, og personer som er født i Norge med to foreldre som er født i utlandet» (SSB 2006)

Flyktning er i følge FNs flyktningekonvensjon «enhver person som befinner seg utenfor det land han er borger av på grunn av velbegrunnet frykt for å bli forfulgt på grunn av rase, religion, nasjonalitet, politisk oppfatning eller tilhørighet til en spesiell sosial gruppe» (Store Norske leksikon).

Asylsøklar er ein person som «... på egenhånd og uanmeldt kommer til Norge og ber om beskyttelse og anerkjennelse som flyktning. Personen kalles asylsøker inntil søknaden er avgjort.» (hero.no)

FNs konvensjon om rettane til flyktningar fra 1951, avgjer kven som kvalifiserer til å få flyktningestatus.

Menneske som må flykta frå ulevelege tilhøve i heimlandet skal få det internasjonale samfunnets vern, og kan då få opphald på humanitært grunnlag. Opphald kan gjevast for lengre og kortare tidsrom.

Innvandarar og flyktningar kan søke om å få norsk statsborgerskap. Reglene om kven som kan få dette, er nedfelt i Lov om norsk riksborgearrett. For å få norsk statsborgerskap må søkjaren vera minst 18 år, ha hatt fast bustad i Norge de siste sju årene, ha ein plettfri vandel og ikkje ha større bidragsgjeld. For nordiske borgarar kan det også gjeraast unntak frå kravet om butid.

Det er Utlendingslova (1988) som fastslår kven som har krav på vern i Norge. I følge denne lova, (som bygger på FNs Flyktningkonvensjon), har asylsøklarar som med rette fryktar individuell forfylgjing i heimlandet på grunn av rase, religion, nasjonalitet, tilhøyrse til ei sosial gruppe eller politisk overbevisning, krav på asyl (flyktningstatus)

Fleirspråkleg versus minoritetsspråkleg

Desse nemningane er vanlege å nytta når born med flyktning- og innvandrarbakgrunn vert omtala i forskingslitteratur, og i lovtekstar som omfattar desse borna i skule- og barnehagesamanheng.

Generelt omfattar språkforskarane sine definisjon av «fleirspråkleg» alle de språkbrukarar som kan nytta seg meir enn eitt språk i sosiale samanhengar. (<http://utdanningsforskning.no/artikler/den-flerspraklige-elev/>). Medan minoritetsspråklege» born vert definert som «barn med annen språk- og kulturbakgrunn enn norsk, med unntak av barn som har samisk, svensk, dansk eller engelsk som morsmål (....) Begge foreldrene til barnet må ha et annet morsmål enn norsk, samisk, engelsk, svensk eller dansk..» (NOU-2010-7)

I dette dokumentet vert nemninga fleirspråkleg nytta, sidan omgrepet «minoritetsspråkleg» lettare er knytt til eit stigma (<http://utdanningsforskning.no/artikler/minoritetsspraklige-elever-i-skolen>). Men omgrepet «fleirspråkleg» er heller ikkje ei ideell nemning, sidan det ikkje er dekkjande for nyankomne innvandrarar som ikkje har lært norsk enno.

Under følgjer ein kort presentasjon av reiskapar me kan nytta oss av, i dei fleirkulturelle møta me har i arbeidskvardagen vår.

Fleirkulturelt blikk

Me har også i Kvam fått eit fleirkulturelt samfunn, og det fleirkulturelle møte er ein del av vår arbeidskvardag i Kvam Herad. Me treng difor kunnskap, innsikt og reiskapar som hjelper oss å handtere fleirkulturelle situasjonar.

Det er derfor naudsynt med ei **fleirkulturell forståing**. Dette kan forklarast som kunnskapar, innsikt og reiskapar som hjelper oss til å forstå fleirkulturelle situasjonar. Flerkulturell forståing handlar om å fremja samhandlinga mellom kulturberande individ (Flerkulturell forståelse i praksis, Båtnes/ Elden 2012). Når ein innehar denne forståinga og nyttar den aktivt i dei fleirkulturelle møta, kan ein seie at ein har ein **fleirkulturell kompetanse**.

Å inneha ein slik kompetanse, vil seia å ha aksept og respekt for det som er annleis, og evna å møta dette på ein god måte. For å kunna gjera dette, må me freista å forstå andre utifrå deira livssituasjon og ståstad. Dersom me skal lukkast med dette, krev det at me greier å forhalda oss til våre eigne verdiar og standardar som ikkje overordna andre sine, sjølv om dei kjennest som sanning for oss sjølve (Ibid.).

Fleirkulturell forståing:

- ☐ Lytt
- ☐ Ta på alvor
- ☐ Vis respekt
- ☐ Prøv å forstå
- ☐ Vær raus



For å få ei forståing av andre og deira liv, krev det at me tek på oss andre briller, og stiller blikket vårt inn på den andre si verd; på den andre sine verdiar, tru, tankesett og praksis. Dette kan me gjera ved at me er opne, syner respekt for det me då møter, og tek det på alvor. Så handlar det om å vera raus i høve til det me opplever som annleis og utfordrande.

Offentleg ansvar

Det er eit ansvar for leiarar og mellom leiarar i offentlege etatar å sørgja for at det vert laga ruinar på bruk av tolk som dei tilsette kjenner ti. På sidene tolkeportalen.no, som ein finn hjå lmdi, les me:

«Bruk av tolk skal være en integrert del av tjenesteytingen. Ledelsen i den enkelte virksomhet har ansvar for at det er etablert interne rutiner for bestilling, kvalitetssikring, bruk og betaling av tolketjenester og at rutinene er godt kjent og brukt blant de ansatte. Offentlig tjenesteyter har ansvar for å avdekke om det er behov for tolk. Vurderingen gjøres i samråd med brukeren, men det er tjenesteyteren som har ansvar for å avgjøre om tolking er nødvendig for å yte en faglig forsvarlig tjeneste. Dennes vurdering skal sikre at likeverd og rettssikkerhet i offentlig tjenesteyting ikke svekkes ved språkbarrierer » (tolkeportalen.no).

Kommunikasjon ved bruk av tolk

Gjennom å nytta tolk i møte mellom personar med flyktningbakgrunn og tilsette i ulike etatar, unngår ein misforståingar og kommunikasjonsvanskar som skuldast det språklege. I tillegg kan både partar delta aktivt i samtalan. Det å få oversett skriv og informasjon av ulik art til eige språk, i tillegg til at det er mogleg å få til å kommunisere og delta på et språk ein meistarar, vil vera av stor betydning for dei det gjeld. Dette er avgjerande dersom menneske med flyktningbakgrunn skal ha reell moglegheit til å påverke og medverke aktivt i eigne og i borna sine liv og kvardag.

Vidare seier nasjonalt tolkeregister dette når det gjeld bruk av tolk:

«Forvaltningsorganet eller virksomheten bør gjennom internopplæring sørge for at de ansatte har de nødvendige ferdigheter som tolkebruker, kjenner til sitt ansvar i en tolket samtale og er kjent med Retningslinjer for god tolkeskikk. Forvaltningsorganet og tjenesteyteren har ansvar for å tilrettelegge for forsvarlige arbeidsforhold for det oppdrag tolken utfører, herunder sikre at det er et tilstrekkelig antall tolker for oppdraget, gi tolken(e) nødvendig informasjon om oppdraget og legge inn tilstrekkelig antall pauser (...) Der frammøtetolking (det vil si hvor tolken møter opp personlig) ikke er mulig, kan tolking via skjerm eller telefon være et alternativ. Skjermtolking bør foretrekkes så langt det er mulig. Telefontolking bør som regel bare benyttes til kortere samtaler, og for å gi konkrete beskjeder. For at tolkens arbeidsforhold skal være forsvarlige ved fjerntolking, er god forberedelse, samt rolige og kontrollerte forhold under samtalen nødvendig» (tolkeportalen.no).

Rutinar i Kvam

Flyktingetenesta i Kvam har rammeavtale med Noricom. Denne tolketenesta er ein privat leverandør av språktenester. Dei kan tolka på dei fleste språk, og dessutan omsetja dokument for offentleg forvaltning (Plan for særskilt språkopplæring, 2014).

Kontaktinfo: Noricom sitt kontor i Bergen; døgnopen telefon 81534500/55232370. Epost: bergen@noricom.no. Leiar kontaktar firmaet. NB: ikkje bruka barn som tolk! Profesjonelt

Mottak og oppfølging hjå NAV

NAV er den første instansen familien møter når dei kjem til kommunen. Det er lagt opp til at dette møtet, med ein sentrale offentlig institusjon i det norske samfunnet, skal bidra til å forme tillit og oppleving av medborgarskap

Rutinar før og ved ankomst

I KFL er difor det utarbeidd eit skjema for rutinar og tverrfagleg ansvarsfordeling mellom etatane ved adkomst. Det er NAV som set i gang dette tverrfaglege arbeidet, då det er dei som først får informasjon frå Imdi om familiar som skal koma. Denne rutina skal skje FØR ankomst. (Dette dokumentet ligg som vedlegg)

NAV er ansvarleg for å finna husvære til dei som kjem. Når dette klarlagt og organisert, vert huset møblerert. Så vert det kjøpt i klede og utstyr som familien treng, og handla inn mat til det første døgeret. I tillegg vert det kjøpt inn leiker til ungane, ei til kvar. KFL har spelt inn at det bør vera meir leiker for nyankomne born.

Programrådgjevar med tolk tek i mot familien på avtala tidspunkt, og kjører dei til husværet. Oftast er det behov for vegleiing i heimen om korleis maskiner og ulikt utstyr og innreiing fungerer. Det vil variere kor omfattande dette behovet for vegleiing er, alt etter kvar flyktningane kjem frå. I ein del høve, er det behov for omfattande og grunnleggjande vegleiing på basisnivå.

I dette fyrste møtet, der det vert etablert kontakt, gjev programrådgjevar familien sitt telefonnummer, og etablerer forståinga om at han/ho er kontaktpersonen. Kontaktinformasjon til politi, naudetat og legevakt vert også overlevert. Det

er eit ynskjemål at Kvam Herad utarbeidar ein folder som kan liggja i husa når familieane kjem. Her kan all naudsynt kontaktinformasjon vera tilgjengeleg, i tillegg til kart over nærområdet og skildring av vegen til butikken og skulen, til dømes.

Det vert lagt vekt på at det fyrste møtet i huset, skal vera koseleg, hyggeleg og trygt, men ikkje for langt (dersom det ikkje er behov for omfattande vegleiing). Det kan verta overveldande å ta inn alt det nye, og det vert lagt vekt på at det ikkje skal vera for masse informasjon på det aller fyrste møtet.

NAV si oppgåva i høve til kartlegging i familien, er overfor dei vaksne. Det vert gjort ei kartlegging av dei, ein og ein, der hovudfokuset er utdanningsveg og jobbmoglegheiter. Altså kva mål og ynskje dei vaksne har for det nye tilværet. Når det gjeld ansvaret for borna i familien, er det NAV som har ansvaret for dersom eit born har handikap. KFL gjennomfører tverrfagleg heimebesøk i høve til born med særskilte behov.

Informasjonsutveksling

Når NAV får beskjed frå IMDI om at det kjem ein familie med barn til heradet NAV tek kontakt med dei andre etatane via barnehage-/skulesjef, som vidare sender aktuell bhg/skule. Vidare er prosedera at dei inviterar oppvekst/skule/barnehage til eit samrådsmøte. Det er viktig at det tidleg vert utveksla informasjon om tilhøve rundt familiesituasjon, generell helsesituasjon, spesielle behov som eventuelt måtte vera i familien, samt kulturell og religiøs tilhøyrsl.

Mottak og oppfølging i helseetaten

For mange innvandrere og andre minoriteter, kan det vera vanskeleg og utfordrande å møte det norske helsevesenet. Det er ikkje uvanleg at menneske med innvandrarbakgrunn har dårleg kjennskap til helsetenestene, kva hjelp dei kan få, eller kva rettar dei har. I tillegg kjem ofte ulik forståing av helse, sjukdom og behandling mellom pasient og behandlar. Dette kan gjera kommunikasjonen vanskelegare. Kanskje blir dette spesielt synlig der ikkje berre ulike måtar å gjera ting på, men også der verdiar, står på spel (innsikt.org).

Rutinar før og ved ankomst

Helsesøster skal kalla inn inn alle som kjem, einslege, familiar og mindreårige, til ein samtale den fyrste veka dei er i kommunene.

Ho forsøker å få ei fullstendig anamnese med bakgrunn, tidlegare sjukdomar og aktuelle plager. Ho sikrar at lovpålagte helseundersøkingar er utført ved mottak, eller sørger for at desse vert rekvirert. Dersom behov for tuberkulosescreening må blodprøvar og eventuelt røntgen takast i Bergen innan 14 dagar. Det vert også tatt generelle blodprøvar.

Så langt som råd, skal dei nyankomne få tilbod om legetime på fyrste ledige time hjå legen som er knytta til flyktningetenesta på helsestasjonen.

Legen er tilgjengeleg fem timar på dagtid annankvar veke. Dei nyankomne får då tilbod om fysisk undersøking, og legen går eg gjennom svara på eventuelle undersøkingar som har vorte gjort. Dersom dei enno ikkje har fått personnummer, fungerer denne legen som fastlege til det er i orden. I denne timen, ordnar også legen med tilvisningar. Dette møtet med pasienten, er avhengig av at han/ho arbeider tett med helsesøster og har fått all naudsynt informasjon derifrå.

Helsesøster set opp fleire timar med einslege mindreårige. Barnefamiliar vil også ha behov for tettare oppfølging grunna oppvaksinering.

Helsesøster har ansvar for oppfølging av barn i helsestasjon for flyktingar til dei har henta inn vaksinasjonsprogrammet i den ordinære helsestasjonen, eller til det er naturleg å overføre dei til ordinær drift. HFF kontaktar barnehage/skule ved behov.

Ei av hovudoppgåvene til helseetaten før og ved adkomst, er å sikra at smittevernet vert ivareteke, og då er det test av tuberkulose som er lovpålagt. Dette må skje ganske umiddelbart etter ankomst til Noreg, og helst innan to veker.

Det er helsesøster sitt ansvar å laga ein plan for oppvaksinering, dersom det er behov for det. Lege og helsestøster skal så kartlegga psykisk og fysisk helse til dei som kjem, og avgjera om det er behov for meir eller mindre akutte tiltak. Det skal også i denne fasen verta informert om det norske helsevesenet, og oppmoda om at dei som kjem om at dei får seg ein faslege.

Det går eit skilje mellom flykningar som kjem frå mottak, og dei som kjem direkte (kvoteflyktingar og overføringsflyktingar). Flyktingar frå mottak skal vera undersøkt av norsk helsevesen frå før, men helseetaten er likevel ansvarlege for å kontrollere at det har vorte gjort. Alle skal uansett få tilbod om ei kartlegging og undersøking.

Andre innvandrarar enn dei med flyktingbakgrunn, må sjølv sørge for å oppfylle krava i smittevernlova, og oppsøke helsevesenet for dette. Tidlegare fekk helsevesenet melding frå politiet om kven som kom (familiegjenforening eller arbeidsinvandrar) frå land med plikt til å la seg undersøke, men slik er det ikkje lengre.

Mottaka er oppmoda av UDI om å senda journalar til ansvarleg helsetat i den kommunen flyktningane vert overført til, men det er diverre ofte at dette ikkje vert gjort.

Forsinka mottak av journalinformasjon kan vera med på å forstyrre ein, frå før av, ganske kaotisk livssituasjon for dei nyankomne.

Barn og unge med flyktningbakgrunn i barnehage og skule

Det kan vera vanskeleg for pedagogar og lærarar å forstå omfanget, djupna og alvoret i dei påkjenningane born vert utsette for i krig og på flukt. Det er derfor viktig å skaffa seg relevant kunnskap om kva konsekvensar borns opplevingar kan få, og kva ein kan gjera i barnehagen og skulen for å leggja til rette for leik og læring i et trygt og motiverande psykososialt miljø. Forsking (sjå mellom anna Meyer DeMott, 2007) syner at skulen og barnehagen spelar ei avgjereande rolle i livet til flyktningane, både i eit her- og no-perspektiv og i eit langsiktig perspektiv. Lærarar og pedagogar vil dermed stå ovanfor viktige, ansvarsfulle og svært spanande oppgåver når dei møter born og unge med flyktningbakgrunn. Det handlar om å få moglegheita til å læra, trivast og få ein normalisert kvardag i sitt nye lokalmiljø.

Traumer

Barn vil ha ulike opplevingar, samstundes kan same oppleving virke ulikt på ulike born. Det som verkar skræmmande og blir traumatisk for eit barn, kan eit anna born klara å lagra som eit vanleg minne. Dermed treng ikkje alle som har flykta vera traumatiserte. Likevel kan ulike hendingar bidra til at tilliten til andre vaksne vert svekka og må byggjast opp på nytt. Det betyr at born og unge vil trengja støtte til å byggja opp tillit til andre menneske. Det same gjeld evna til å føla gleda og sorg, til det å knyta venskap og andre gode relasjonar, samt evna til å leika og å læra.

Sjølv om det er naturleg å tenkja at traumatiserte born treng psykolog, er det dei som arbeider rundt barnet (barnehage/skule) som er viktigast i kvardagen. Dei vaksne rundt bornet kan få rettleiing i koreleis dei skal møte traumatiserte born i hjelpetenestene i KFL. Det aller viktigaste er trygg innramming i kvardagen: Å verta sett og forstått, og å få ein relasjon slik at bornet etter kvart kan verta verta trygg til å opna seg for dei som er tett bornet i kvardagen.

Enkelte born kan utvikla posttraumatisk stresslidning (ofte forkorta til PTSD) etter å ha opplevd traumer. Dette er ein psykisk helsetilstand som vert utløyst av ei traumatisk hending du anten har opplevd sjølv eller har vore vitne til. Ein som har flykta frå heimstaden sin, kan ha opplevd krigshandlingar som drap, og opplevd vald og krenkingar, eller sorg etter tap av nære personer og vener og det dei ellers reiste frå. Det kan også gjerne ha oppstått traumatiske situasjonar langs fluktruta. Dette kan føra til utvikling av traumer og depresjonen kombinert med angst. Angsten fører mellom anna til det å kjenna seg utrygg og redd for at det som hende, skal henda igjen.

Når det gjeld å sjå etter teikn på PTSD, er det nokre teikn personalet i barnehage og skule kan vera spesielt mersakem på:

*«...vi anser som de oftest fremtredende symptomene, og som personalet i barnehage og skole derfor bør være spesielt oppmerksom på, nemlig **konsentrasjonsproblemer, unngåelse og redsel**. Som vi har vært inne på, kan mennesker med traumer ha vanskeligheter med å huske hva som egentlig skjedde samtidig som minnene trenger seg på når en ikke ønsker det. Når sistnevnte er tilfelle brukes mye energi på å prøve å fjerne opplevelsene fra minnet, som igjen fører til forstyrrelser i oppmerksomhetskapasiteten og gjør at en kan ha vansker med å konsentrere seg. Konsentrasjonsproblemer kan i barnehagen og skolen komme til uttrykk ved at eleven er lite utholdende i lek eller skolearbeid og har problemer med å sitte i ro. Det kan også for eksempel være en belastning for en elev i skolen å ha prøve av lengre varighet, fordi den roen og stillheten som da er der ofte gjør at tanker om de vonde opplevelsene levendegjøres».* (<http://laringsmiljosenteret.uis.no/inkludering/barn-med-flyktningebakgrunn/traumer-og-posttraumatisk-stressyndrom/>)

Identitetsutvikling i barnehage og skule

Barnehage og skule må bidra til ei positiv identitetsutvikling for kvart enkelt born. For at minoritetsspråklige/tospråklige barn skal kunna utvikla ein trygg fleirkulturell identitet, må dei få anerkjenning i forhold til sin språklege og kulturelle bakgrunn. Ein måte å anerkjenna den kulturelle bakgrunn til bornet, er å syna interesse for bakgrunnen til bornet, og setja ord på likskapar og ulikskapar. Det viktige her, er å møta mangfaldet som en normaltilstand og en ressurs, og ikkje som eit problem (Hauge 2004).

Gjervan (2007) framhevar betydinga av at barnehage og skule er identitetsbekreftande, mellom anna gjennom synliggjing av det fleirkulturelle. Dette er viktige signa - til både barna og foreldrene - som skapar tillit. Det handlar om at alle barn skal kunne oppleve identifisering og gjenkjenning, noko som er viktig for utvikling av et godt sjølvbilet. Det er viktig at ein del av dette arbeidet i barnehage/skule, er å synleggjera og implementera det fleirkulturelle perspektivet i sine planer. Enkle verkemiddel for å synleggjera mangfaldet kan vera flagg, verdskart, globus, bøker på fleire språk (språk som er representert i klassen/barnegruppa).

Ein generell arbeidsinnstruks i høve til arbeid med fleirkulturelle barn:

Borna er her no, og dei er også vårt ansvar. Me må freista å sjå og forstå borna utifrå eigne primissar.

Me skal:

- bidra til identitetsutvikling og tryggleik.
- ha eit verdigrunnlag som er profesjonelt.
- oppmuntra borna og heimane til å nytta morsmål.
- ta på alvor, vera tydeleg og setja krav.
- få eit godt foreldresamarbeid gjennom dialog, og her spelar bruk av tolk ei viktig oppgåve.

Barnehage

Barnehagen er det første møtet med verda utanfor heimen for barn med flyktningebakgrunn så vel som for andre born. Barnehagen vert derfor den fyrste starten på sosialiseringprosessen utanfor heimen, og mykje av grunnlaget for den sosiale kompetansen vert lagt her.

Barnehagen er, som skulen, viktig som identitetsskapande arena, og det er av stor betydning at det vert jobba medvite i høve til dette i barnehagen.

Når den enkelte barnehage skal ta imot flyktningborn, kan det vera lurt å starta med å reflektera over den samla kompetansen som fins i personalet, og kva styrkar og moglegheiter som allereie finnes i den enkelte institusjon. Det er av avgjerande betydning at ein vurderer kompetanse og det å vera eigna som pedagogar og assistentar vert lagt til grunn for kven som vert sett til denne oppgåva.

Born med minoritetsspråklig bakgrunn som går i barnehage, har dei same rettane som andre born som går i barnehage. Barnehageloven og forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver, inneheld mange krav til barnehagetilbodet:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene. Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens

egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering».
(Barnehageloven § 1 Formål)

Reglane gjeld for alle borna i barnehagen, men nokre stader i Rammeplanen er born med fleispråkleg bakgrunn særlig omtala (<http://nafo.hioa.no/barnehage/>).

Kommunen skal leggja til rette for at alle barna i barnehage får et fullverdig og likeverdig barnehagetilbod. Barnehagen skal støtta alle borns utvikling, og gje eit tilpassa barnehagetilbod basert på dei føresetnadane det enkelte born har. Dette omfattar også fleispråklege born, som kan ha særlig utbytte av barnehagen for sosial og språkleg utvikling. Vidare skal barnehagen ta omsyn til bornas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale-, etniske- og kulturelle bakgrunn, jf. barnehageloven § 2. Barnehagen skal også formidla verdiar og kultur, gje rom for borns eigen kulturskaping og bidra til at alle born får oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap(ibid.).

Føreskrift om rammeplan for innhald og oppgåver i barnehagen, krev mellom anna at barnehagen skal sørgja for å

- integrera bornet i det sosiale og kulturelle fellesskapet
- støtta bornet si heilskaplege utvikling basert på eigne føresetnader
- støtta dobbel kulturtilhøyrse
- skapa eit språkstimulerande miljø
- støtta at bornet nyttar morsmål sitt
- arbeida aktivt med å fremja den norskspråklege kompetansen til bornet

(<http://nafo.hioa.no/barnehage/laeringsressurser/>)

Kjernepunkt i alt arbeid kring fleirspråklege born i barnehage i Kvam

- Prioritert opptak i barnehage
- Morsmålsassistent i barnehage
- Kompetanseheving: Felles kunnskap, haldningar og handlingar inn mot dette arbeidet

Språkutvikling i barnehagen

Småbarnsalderen har stor betydning for seinare læring og språkutvikling. Gode pedagogiske tilbod før skulealder har i tillegg til å vera ein verdi for borna i seg sjølv, også positive effektar for læring og utvikling seinare i skuleløpet. Mellom slike tilbod er barnehagen i dag langt det viktigaste av dei verkemiddel styresmaktene har for å bidra til at born er godt førebudde til skulestart (NOU 2010/7). Ved sida av heimen er barnehagen den viktigaste arenaen for språkstimulering i småbarnsalderen. Gjennom barnehagedeltakinga møter borna jamaldringar og vaksne i eit tilrettelagt språkmiljø. Tidlige erfaringar med jamaldringar har stor betydning for borns utvikling av samspelsdugleikar, noko som gjer barnehagen til ein viktig arena for sosial utvikling, læring og etablering av venskap. Born som utviklar god sosial kompetanse i barnehagen, har et godt grunnlag for vidare utvikling og læring i skulen.

Mange av barnehageborna i Noreg veks opp med eitt eller fleire andre morsmål/heimespråk enn norsk. Barnehagen må støtta borna når dei nyttar morsmålet sitt, og samstundes arbeida aktivt med å fremja den norskspråklege kompetansen til borna. Å kunne uttrykkja seg og å oppleve at andre lyttar til det ein sjølv formidlar, er viktig for alle born. Nokre flerspråklege born lærer morsmålet først. Deretter lærer dei norsk, til dømes når dei byrjar i barnehagen. Andre lærer morsmål og norsk samstundes. Bakgrunnen til dei fleirspråklege borna er, naturleg nok, svært ulik. Derfor er det også stor variasjon i korleis borna meistrer den fleirspråklege situasjonen. Meistringa har samanheng med både av borna og omgjevnadane. Det er viktig

at barnehagen og foreldre samarbeider om å støtta språktilfanget til dei fleirspråklege borna (<http://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/barnehagens-innhold/sprak2>).

Vaksne som skal vurderer språket til fleirspråklege born, og leggja til rette for et godt språkmiljø for dei, må ha kjennskap til språkhistoria til borna, og språkutvikling på språka dei meistrar. Dei vaksne må vera i stand til å sjå og vurderer språket til borna i et fleirspråkleg perspektiv. Det er i tillegg viktig å være merksam på at det som regel tek lengre tid å lære seg fleire språk enn berre eitt. Det er derfor helt vanleg med ein noko meir langsam progresjon i språkutviklinga generelt (Ibid.).

I Rammeplanen vert det understreka at tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehagens innhald. Rammeplanen synleggjer småbarnalderens betyding for utvikling av språk, og betydinga av barns morsmål vert understreka; Barnehagen må *”støtte at barn bruker sitt morsmål og samtidig arbeide aktivt med å fremme barnas norskspråklige kompetanse”* (Rammeplanen 2006:29).

Før ankomst ; Rutine ved introduksjon i barnehage

Når styrar i den aktuelle barnehagen får informasjon frå NAV om at det kjem flyktningeborn som skal gå i barnehagen, er ho/han medansvarleg for å iverksetja den tverrfagleg kontakten med NAV, hjelpetenestene og helsetenesta for informasjonsutveksling og tilrettelegging.

I denne delen av prosessen er det viktig at styrar hentar inn så mykje kunnskap som mogleg rundt helsesituasjon, religiøs og kulturell bakgrunn og familieforhold, slik at ein i best mogleg grad er i stand til møta dei behova som det aktuelle barnet har, og gje det ein god tilpassing og ein og ein god start.

Kvam herad gjev flyktningborn og andre minoritetsspråklige born prioritet opptak i barnehage og SFO.

Ved ankomst

Når familien har fått tilbud om plass, tek barnehagen kontakt direkte med dei og avtalar møte i barnehagen for å verta kjent med familien gje informasjon om barnehagen.

Fyrstesamtale

I denne samtalen er hovudfokuset at barnehagen skal verta kjend med bornet og familien, - og at dei skal verta kjent med barnehagen. Det er styrar og kontaktperson i barnehagen (og eventuelt andre aktuelle medarbeidarar) som er med på dette fyrste møtet – og sjølvstøtt tolk.

Det er styrar eller pedagogisk leiar som har ansvar for denne samtalen vert gjennomført. All informasjon skal gjevast på familien sitt språk, både munnleg og skriftleg.

Det er mange moment som skal avklarast og drøftast ved barnehageoppstart for fleirkulturelle born. Ein del av det kan ein snakka om i fyrstesamtalen, medan andre moment må ein ta etter kvart. Under kjem ei liste over informasjon som familien treng i løpet av den fyrste tida etter barnehagestart:

Informasjon om barnehagen

- Dagsrytme/vekeplanar/årsplan
- Kva som vert forventa av foreldra og deira rolle
- Regelverk, rettar og plikter
- Opningstider og hentetider (opningstidene er kùn eit tilbod og ikkje obligatorisk)
- Pedagogisk opplegg/aktivitetar/fridager
- Tospråkleg assistent/tolk

- Samarbeid med heimen
- Matpengar

Vidare oppfylging

Det er naudsynt barnehagen internt avgjer kven det er som har hovudansvaret for foreldresamarbeidet, og at det vert rydda plass til dette i arbeidstida til den som får ansvaret. Når foreldra er nye i Noreg, vil det vera behov for mykje **generell informasjon** og **vegleiing** i høve til korleis barnehagen fungerer og kva som er rettane og pliktene til foreldra. Det er mykje kulturell kunnskap som er så innarbeid for oss, og derfor er lett å gløyma å informera om. Det kan vera ting som at opningstidene i barnehagen ikkje er obligatoriske i den forstand at barnet skal vera der i heile den perioden, ei missforståing barnehagar i Noreg har fått erfaring med. Så gjeld det sjølvsagt andre praktiske tilhøve, som klede og mat. Kort fortalt treng desse foreldra ein gjennomgang av kva som er forventa av dei som foreldre i barnehagen. Det kan også vera aktuelt med tydeleg vegleiing i høve til kva dei skal gjera for at barnet deira skal få ein best mogleg start og vidare barnehagetid.

Den fleirkulturelle barnehagen

I det vidare arbeidet i barnehagen, er det naudsynt at dei tilsette jobbar med korleis ein skal møte dei fleirkulturelle borna. Det er mange konkrete situasjonar som kan verta utfordrande både for dei tilsette og born. Det er i slike høve det må jobbast med å henta fram den kulturelle kompetansen hjå personalet. Borna skal møtast på kven dei er, og kva ynskjer, kva meiningar og opplevingar dei har. Dersom det er element her som ikkje kan foreinast med arbeidet i barnehagen, er dette noko som skal takast opp med foreldra.

Borna skal aldri gjerast ansvarleg for dei kulturelle utrykka dei representerer, som kan verka utfordrande for personalet i barnehagane.

Det er ynskjeleg med at dei kulturelle mangfaldet i barnehagane vert løfta fram og at personalet kan vera i lag med borna i ei positiv undring overfor kvarandre; kva ulike skikkar og vanar ein har. Det er eit slikt fokus på ulikskapar som er ynskjeleg. Dette må vera i tillegg til eit grunnleggjande fokus på det som er felles og som foreiner.

Foreldresamarbeid

I dette foreldresamarbeidet, som i anna foreldresamarbeid, er det naudsynt å ha ein pågåande dialog med foreldra. Når det gjeld fleirkulturelle familiar, er det endå viktigare å jobba med å setja seg inn i situasjonen til familien og barnet, og kva føresetnader som er til stades i deira kvardag.

Det er av avgjerande betydning at barnehagen og skulen samarbeider godt når det gjeld overgangen frå barnehage til skule for dei fleirspråklege borna, slik at denne vert best mogleg. Det er då mellom anna viktig at skulen innhentar/får informasjon om barnet når det gjeld moment som kognitiv utvikling, sosial fungering og språkleg utvikling.

Skule

Det er eit mål at deltakarane gjennom opplæringa i grunnskulen får gode norskkunnskapar og ein kompetanse som kan føra dei vidare i utdanningssystemet, og som legg til rette for inkludering i norsk arbeidsliv og samfunnsliv (referanse).

Lovpålagt opplæring, paragraf 2.8

Grunnskulen har ansvar for opplæring for born i aldersgruppa 6 – 16 år. Gjennom denne utdanninga skal dei verta kvalifiserte for vidare skulegang. For ungdom 16 – 20 år som kjem til landet utan grunnskule, har kommunen plikt til å gi eksamensretta grunnskuleopplæring.

Flyktningar i grunnskulealder skal sikrast opplæring i norsk (og tospråkleg fagopplæring), og eventuelt morsmålsopplæring, så lenge det er behov for det. Paragraf 2-8 omhandlar «særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar». Tospråklig fagopplæring og morsmålsundervisning vil lette innlæringa av tilsvarende dugleikar på norsk. Det er skulen sitt ansvar å leggja til rette for dette. Tilbodet til deltakarar med særlig liten skulebakgrunn skal styrkast for å gje dei føresetnader til å kunna lukkast i det norske samfunn.

[I lovteksten, paragraf 2.8, les me:](#)

«Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Morsmålsopplæringa kan leggjast til annan skole enn den eleven til vanleg går ved.

Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, skal kommunen så langt mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.

Kommunen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Slik kartlegging skal også utførast undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring etter føreseigna, som grunnlag for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.

Kommunen kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper, klassar eller skolar. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i slik gruppe, klasse eller skole, må dette fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring. Vedtak om slik opplæring i særskilt organisert tilbod kan berre gjerast dersom dette er rekna for å vere til beste for eleven. Opplæring i særskilt organisert tilbod kan vare inntil to år. Vedtak kan berre gjerast for eitt år om gongen. I vedtaket kan det for denne perioden gjerast avvik frå læreplanverket for den aktuelle eleven i den utstrekning dette er nødvendig for å vareta eleven sitt behov. Vedtak etter dette leddet krev samtykkje frå elev eller føresette.»

Fleirkulturell og identitetsskapande skule

Det er også eit anna viktig perspektiv som må takast med her, som vart omtala i byrjinga av kapitlet. Det er skulen sin sentrale rolle som identitetsskapande arena. Skulen, som barnehagen, er ein institusjon der born og unge brukar mange timar kvar dag, og den vil ha en sentral rolle i å forma born og unge sine oppfatningar av kven dei er.

I det langsiktige perspektivet, må det også seiast at skulen må ta del i den viktige samfunnsoppgåva med å arbeida for at dei fleirspråklege borna kjenner tilhørsla, mot at dei opplever framandgjerling, som i sin tur kan føra til radikaliserings når dei vert eldre. Korleis elevar med denne bakgrunnen vert tatt i mot og fylgt opp i skulen, er av avgjerande betyding for korleis dei utviklar identiteten sin i det norske samfunnet.

Det er derfor av stor betyding at skulen er medviten si rolla som identitetsarena og dannelsesarena.

Muslimske gutar vert unge muslimske menn, og det å kjenna på tilhøyrse til det norske samfunnet, har stor betydning for å unngå radikalisering. Forsking viser at dei som vert radikalisererte oftare enn andre har kjent seg missforstått og framandgjorde. Skulen er for mange det fyrste viktige møtet med det norske samfunnet og viktige norske verdiar. Korleis ein på best mogleg måte tek i mot og følgjer opp elevar i med flyktningebakgrunn, er noko som personala på skulane i Kvam treng å samtale rundt og saman finna gode løysingar på. Det er ikkje noka oppskrift ein kan fylgje, men det handlar som elles i arbeidet med born og unge om korleis ein **ser, forstår og møter elevane**.

Korleis kan me forstå omgrepet « fleirkulturell skule»? Eit stikkord her, er å ta inn det fleirkulturelle som det som er den gjeldande norma:

«Skolen blir ikke flerkulturell før lærere og skoleledere slutter å se på minoritets elever som et problem. Virkelig flerkulturell blir den først når personalet ser på det språklige og kulturelle mangfoldet som det normale, som en naturlig del av fellesskapet (...) Mange lærere og skoleledere oppfatter de minoritetsspråklige elevene som et innslag på skolen, nærmest som en unntakstilstand, noe forbigående. Normaltilstanden er for enkelte fremdeles en enhetlig gruppe barn med norsk språklig og kulturell bakgrunn. Minoritets elever er noe som "skurrer" i opplegget, som man må jobbe litt med, men som går over».

An-Magritt Hauge Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO)

I Kvam får elevar 1-3 timar særskilt norsk i veka, men me har diverre ikkje tilbod om tospråkleg fagopplæring, sidan det er dårleg tilgang på tospråklege pedagogar i kommunen. (Jfr. Kvam herad sin eigen plan)

Andrespråksinnlæring

Forsking (Sjå mellom anna Cummins 2003) syner at det å læra eit andrespråk så godt at det fungerer som fullverdig opplæringsspråk, tek frå 5-7 år. Det tar lang tid å utvikle språket som tankereiskap, det er viktig å vera klar over at elevane treng spesiell støtte for språkutviklinga i heile denne perioden. Dette til trass for at dei kanskje snakkar norsk på ein slik måte i kvardagslege samanhengar at det ikkje verkar som dei har språkproblem (Hyltenstam 1996). Østbergutvalet, som har sett på opplæringstilbodet til minoritetsspråklege barn, unge og vaksne, har fylgjande forslag til korleis denne opplæringa bør gjennomførast:

Elevar skal framleis kunna få særskilt språkopplæring i norsk, morsmålsopplæring og tospråklig fagopplæring, også etter at dei er overført til ordinær undervisning.

Alle elevar, men spesielt elevar som har eit anna morsmål enn norsk, vil ha behov for at det vert arbeidd med norsk skriftlig og munnleg i alle fag, i tråd med Læreplanverket for Kunnskapsløftet

Både lærarar som underviser i norsk og lærarar som underviser i andre fag, bør ha kompetanse i norsk som andrespråk og kunnskap om fleirspråklegheit.

Det må også understrekast i denne samanheng, kor viktig morsmålet er for utviklinga av eit andrespråk. Tospråklig utvikling er ei heilskapleg utvikling der begge språka vert utvikla. Det er breid fagleg semje om at eit godt utvikla fyrstespråk støttar utviklinga av andrespråket. Skal eit barn bli god i norsk som andrespråk, må barnets fyrstespråk styrkjast (Anne Høigård 2009, Lundberg).

Kjernepunkt i alt arbeid kring fleirspråklege born i Kvam

- Morsmålsassistent
- Alle i feriekubb/ung fritid/ ferie første sommaren
- Alle i SFO første skuleår

- Kompetanseheving: Felles kunnskap, haldningar og handlingar inn mot dette arbeidet.

Introduksjon av elevane i skulen i Kvam

Når det kjem elevar med flyktningbakgrunn, er det avgjerande med ei god tverrfagleg tilrettelegging/informasjonsutveksling. Helsetenestene, Nav, skule og barnehage skal alle ha sine avklarte ansvarsområde når det gjeld mottak av elevane og informasjonsflyt.

Før ankomst

NAV er ansvarleg for å setja i verk den tverrfagleg kontakten med hjelpetenestene/helsetenesta når det kjem nye born til kommunen. NAV melder frå så raskt som råd til barnehage/skule om nyankomne. Når rektor har fått meldinga frå NAV, er han/ho også medansvarleg for vidare informasjonsutveksling og tilrettelegging.

I denne delen av prosessen er det viktig å innhenta så mykje som mogleg av den informasjonen som trengs for å gje dei nye elevane ei god tilpassing og ein og ein god start.

Det er ynskjeleg at dei fleispråklege borna elevane byrjar eit år under sitt klassetrinn (jfr. paragraf 2.1)

Det å koma som flyktning og starta rett i 1. klasse, er uheldig i høve til både andrespråkutvikling og kan også vera sosialt svært krevjande. (finn ref) Det er derfor viktig at ein jobbar for at nyankomne flyktningeborn som er aldersmessig klar for skulestart, byrjar i barnehagen i staden for 1. klasse.

Alle nyttilflytta born skal ha morsmålsassistent i skulen (finn timetal). Det er derfor viktig at det vert jobba med dette i forkant av at elevane kjem, slik at morsmålsassistenten er klar til elevane byrjar på skulen.

Ved ankomst ; Rutine ved introduksjon i skule

Det er rektor som leiar fyrstesamtalen. Møtet bør gjennomførast med telefontolk. All informasjon skal gjevast på familien sitt språk, både munnleg og skriftleg.

I denne fyrste samtalen, er skal skulen få danna seg eit bilete av kven eleven og familien er. Slik sett er møtet like mykje for å bli kjent med eleven som at eleven skal verta kjend med skulen. I fyrstesamtalen går samtalen utifrå skjemaet (ligg som vedlegg) som alle skulane har felles, og som vert fylt ut undervegs.

Skulen innhentar relevant informasjon om eleven frå foreldra; familiesituasjon, behov barnet har som skulen bør vita noko om, eventuelle utfordringar, tidlegare skulegang, eventuelle matforbod osb.

Andre moment som informerast om/avklarast er:

- Informasjon om skulen og skuleåret
- Regelverk og fritak/forpliktingar skulen har i hht Opplæringslova.
- Rettar og plikter
- Faginnhald/fritak/morsmålsopplæring/tospråkleg assistent
- Bruk av SFO
- Leksehjelp

Det er mykje informasjon som skal gjevast, og det er viktig at det vert organisert på ein god måte korleis denne informasjonen skal gjevast. Det er avgrensa kor mykje informasjon som kan gjevast på fyrstesamtalen, og det må vurderast i kvar tilfelle kor mykje av informasjonen som skal gjevast under samtalen, og kor mykje som skal gjevast seinare. Det er likevel viktig at det ikkje vert venta for lenge før familien får denne informasjonen, sidan den er avgjerande for at dei skal få eit ei god forståing av korleis skulekvardagen er. Det fylgjande er viktige moment som ein må bruka tid på å sjå til at elevane får ei forståing av:

- Skuledagen
- Sentrale rutinar
- Lærarar

Samarbeid med heimen

Jamlege treffpunkt mellom skule og foreldre gjennom året er viktig, for å sikra informasjonsflyten og unngå missforståingar. Dette fordrar eit samarbeid rektor, kontaktlærer og lærar i særskilt norsk. Det er dei to sistnemnde som må fordela dette ansvaret mellom seg, og som eventuelt koplar inn rektor dersom det er behov. Det er naudsynt å vera fleksibel og ta kontakt med foreldre når det er behov for det.

Det er naudsynt at kvar skule internt avgjer kven det er som har hovudansvaret for foreldresamarbeidet, og at det vert rydda plass til dette i arbeidstida til den som får ansvaret. Når det gjeld eleven og den daglege oppfylginga, er dette kontaktlærer sitt ansvar.

Men det er ofte behov for meir **generell informasjon** og **vegleiing** i høve til korleis den norske skulen fungerer og kva som er rettane og plik

ktene til foreldra. Dette er skulen pliktig til å ha rutiner på gjennomføringa av.

Det er her også svært viktig at skulen er tydeleg på kva FORVENTNINGAR dei har til foreldra og deira rolle i skulen.

Det er ynskeleg at rektor legg til rette for at den læraren som har ansvaret kan å reisa heim til elevane i nokre høve. Dette vert spesielt viktig dersom det skal skje særskilte ting ved skulen, som skidagar, framsyningar, elevkveldar osv. Slike meir uformelle situasjonar vil skapa tryggleik og ein vil kunna avgrensa missforståingar i høve til skriftleg informasjon som vert gjeven frå skulen. Det vil i arbeidet med denne elevgruppa, heile tida vera viktig å tenkja over kva tradisjonar og kulturelle aspekt som er ukjende og derfor kan skapa missforståingar og manglande tryggleik.

Det er ynskeleg at lærar i særskilt norsk, tannpleiar og helsesøster har eit møte for foreldra, der det vert informert skulekvardagen, tannhelse og kosthold. Dette er eit opplegg som allereie er utarbeidd og prøvd ut.

Foreldresamarbeid - barnehage og skule

Eit godt foreldresamarbeid er ein viktig ressurs for både barnehage og skule. For skulen sin del, er dette nedfelt i opplæringslova. Det er skulens ansvar å leggja til rette for dette samarbeidet og informere om kva moglegheiter og forventningar skulen har til samarbeidet, samt etterspørja behov, forventningar og ynskjer foreldra har.

Foreldre med minoritetsspråklig bakgrunn kan ha svake norskferdigheiter, ulike skuleerfaringar og bakgrunn i tradisjonar og livserfaringar som er framande for tilsette i barnehage og skule. For å få naudsynt informasjon slik at et godt og likeverdig samarbeid kan verta etablert, må det verta utvikla rutinar for møter og kva informasjon det er nødvendig å gje og få.

Barnehagane og skulane må tidleg oppretta god kontakt med foreldra, og det er avgjerande å laga gode møteplassar og sørgja for god dialog. Ein må her vera tydeleg både på rettane og pliktene til familiane, og ein må møta og samstundes tora å setja krav: i forhold til skule, barnehage og fritidsaktivitetar. Foreldra må tidleg få vita kva som er forventa av dei. Foreldre med minoritetsbakgrunn skal ha reell moglegheit til deltaking og medverknad, både i det formelle og uformelle samarbeidet med barnehage og skule.

Foreldremedverknad

Skulen/barnehagen kan fort konkludera med at minoritetsspråklege foreldre er uinteresserte/uengasjerte dersom dei ikkje kjem på foreldremøte og liknande, men det er viktig å vera merksame på at foreldra si manglande oppslutnad kan handla om heilt andre ting.

Det kan mellom anna skuldast:

- Kjensle av maktesløyse pga. manglande norskferdigheiter, lite skulegang m.m.
- Manglande kunnskap om den norske barnehagen/det norske skulesystemet og forventningar til foreldre. Det kan vera manglande kunnskap om *kva eit foreldremøte eigentlig er*.
- Manglande sosialt nettverk som gjev generell utryggheit og usikkerheit.
- Stress som resultat av ny og ukjent livssituasjon, eller tidlegare livssituasjon (finn referanse).

Informasjonsformidling

Det er barnehage/skule som har ansvar for å sikre god kommunikasjon med foreldra.

For at barnehage/skule ikkje skal opplevast som «utilgjengeleg» for mange minoritetsspråklige foreldre, er dette med informasjonsformidling heilt avgjerande.

Spørsmålet ein må stilla, er om foreldra får forståeleg informasjon, altså informasjon dei har føresetnader for å forstå. Barnehage/skule må sørgja for at minoritetsspråklige foreldre får – og forstår – informasjon på lik linje med andre foreldre. Det er ikkje nok å senda informasjonen med heim i sekken til barnehagebarn/eleva og tenkja at informasjonen er formidla. Det vil ofte vera naudsynt å ha munnleg kontakt for å forsikra seg om at informasjonen er motteken og forstått. Det å utarbeida gode og forstålege overleveringsrutinar av viktig post, er avgjerande for om den vert motteken og lesen. Når ein veit at foreldra har forstått konseptet med «ranselpost» kan ein gå over til dette.

For at barnehage/skule skal kunna opplevast som ein trygg arena, føreset det at det vert gjeve forståeleg informasjon og nødvendig kunnskap om barnehagen og skulen:

- Forståeleg informasjon om den norske barnehagen/det norske skulesystemet og barnehagens/skulens forventningar til foreldre.

- Gje foreldre nødvendig innsikt i/kunnskap om barnehagen/skulen, gje føresetnader for å forstå vekeplaner, målplanar osv.

Skriftleg informasjon:

Den skriftlege informasjonen må formidlast på ein standarisert , foreinkla og god måte. Tid; stad; tema. Foreldremøteinvitasjon (sjå framlegg til mal i vedlegg).

Når ein lagar informasjonsskriv på norsk til foreldre med eit anna morsmål, bør ein tenkja over fylgjande:

Skriv kort og lettfatteleg norsk

- Viktig informasjon bør rammast inn og markerast **"VIKTIG"**
- Unngå forkortingar
- Bruk gjerne teikningar/bilete som illustrerer det skrivet handlar om.

Ein bør så langt som råd gje informasjon på morsmålet til nyankomne. Det fins ein del standardbrev som er oversett til fleire språk (Sjå <http://www.foreldrenettet.no/cgi-bin/fug/imaker?id=247649>).

Rettleiing barnehage og skule

Det er i hovudsak leiinga i skule og barnehage sitt ansvar å sikra naudsyn kompetanse innan arbeid med fleirspråklege born. Den enkelte pedagog skal nytta sitt interne støttesystem i høve denne barnegruppa, på lik linje med andre born ein er uroa for. Elles gjeld «Plan for særskilt språkopplæring Kvam Herad».

Utover dette kan barnehage og skule be om rettleiing på individ – og systemnivå frå KFL; PPT, Familiesenteret og helsestasjon.

Haldningsskapande arbeid i skule og barnehage

Haldningsskapande arbeid med vekt på antirasisme skal føregå i alle barnehagar og skular. I dette arbeidet er det viktig å synleggjering av språkleg og kulturelt mangfald i skule og barnehage.

Barnehagen og skulen skal verna om borns identitet. Innleving og forståing for eigen og andre kulturars særtrekk har stor betydning både for norske born og for born med annan kulturell og språklig lærdom. I tillegg til å være en viktig arena for borns språkutvikling, er barnehagen ein viktig arena som kontaktskapar både for barnet og foreldra, for å bli kjent med norske foreldre.

Mangel på kunnskap om bakgrunnen til flyktningar, andre kulturar og feiloppfatning omkring flyktningarbeidet i Norge, kan skape framandfrykt som igjen kan føre til ulike former for rasisme. Det er derfor viktig å drive gjensidig informasjon for å førebygge rasisme.

Barnehagane og skulene er viktige arenaer for haldningsskapande arbeid.

Dette arbeidet er noko som kvar barnehage/skule skal ta inn i rammeplan/rutinane sine, og som skal vera eit grunnlag for arbeidet som vert gjort der.

Einslege mindreårige flyktningar

Einslege mindreårige flyktningar (EMF) barn og ungdom som søker asyl i Norge utan følgje av foreldre eller andre som utøver foreldreansvar for dei, og som oppgjer å vere under 18 år. Dei har gjennom status som flyktningar rett til vern etter internasjonale konvensjonar som Norge er bunde av. Informasjon om lovar, rettar og rutinar er å finne i publikasjon Q-1185B «Arbeid med enslige mindreårige asylsøkere og flyktninger –En håndbok for kommunene» utgjeven av Barne-, likestillings- og integreringsdepartementet.

Etter oppmoding frå IMDi om å busetja 10 EMF i 2016 og 16 EMF i 2017, fatta Kvam heradstyre eit vedtak om å busetja 8 EMF-ungdomar over 15 år, 5 i bufellesskap og 3 i hybelverttiltak, og 2 EMF-barn under 15 år i fosterheim, i 2016. Barneverntenesta fekk ansvar for busetjinga av barna/ungdomane. Det blei igangsatt ei tverretatleg prosjektgruppe mellom dei ulike kommunale tenestene for å samarbeide og etablere gode rutinar i Kvam herad for mottak av EMF-barn/ungdomar. Prosjektperioden var frå april-november 2016.

På grunn av at det har kome færre barn/ungdomar til Norge enn antatt, blei ikkje bufellesskapet oppretta. I 2016 kom det 2 ungdomar i mai og 2 ungdomar i september. 3 av desse bur i hybelvertfamiliar og ein bur i fosterheim. I februar 2017 kom det ein gut under 15 år, som flytta inn i fosterheim. Totalt har Kvam tatt imot 5 einslege mindreårige flyktningar. Forutanom den yngste, som går på vanleg ungdomsskule, får ungdomane eit grunnskuletilbod i form av at dei går i ein kombinasjonsklasse, som er eit samarbeidsprosjekt mellom Vaksenopplæringa og Øystese gymnas.

Vedlagt følgjer «Rutine for mottak av einslege mindreårige flyktningar».

Fritid og fritidsaktivitetar for born og unge med flyktningsbakgrunn

For å leggja til rette for ei god inkludering, er det svært viktig at det snarleg etter ankomst vert lagt til rette for deltaking i fritidsaktivitetar.

Fritida bør i størst mogleg grad leggjast til rette for å verta fylt med utviklande aktiviteter. Ein må jobba for at flyktingane sine eigne tradisjonar kan takast vare på, samstundes som dei bør bli en del av det sosiale og kulturelle livet som utfaldar seg i lokalsamfunnet.

Den ansvarlege for kultur bør så tidlig som mogleg integrere flyktingane i det lokale kulturtilbodet, i samarbeid med flyktingtenesta. Dette er viktig for å motverke isolasjon og for å tileigna seg meir forståing for det norske språk og kulturliv.

Det er programrådgjevar i NAV som har ansvar for å introdusere og fylgja opp familiene for dei fritidstilboda som er. Det betyr alt frå kva tilbod som fins, til tider og kontaktpersonar.

Det er ynskjeleg at styra i dei ulike fritidstilboda utarbeider planar for korleis dei kan inkludere best mogleg dei som kjem. Her under gjeld kommunikasjon med heimane, og haldningsarbeid internt for å ha ein inkluderande atmosfære.

Kommunikasjonskanalar med og til familiar med flyktningbakgrunn i Kvam herad

KFL vil tematisera behovet for informasjon via heimesida i kommunen. Det er spesielt viktig med ei oversiktleg nettside for denne gruppa, og me ynskjer å leggja til rette for gjera informasjonen for denne gruppa tilgjengeleg. Når kommunen skal laga eit system her, kan ein med føremon sjå korleis andre kommunar har løyst dette (Til dømes Voss kommune),

Vidare har KFL har ei målsetjing om at me saman skal gjera arrangementet i lokalsamfunnet kjend for dei fleirkulturelle familiane.

Dette handlar om å setja ord på det som er sjølvsegte for oss nordmenn. I særleg grad gjeld dette opne arrangement knytt til høgtider og festdagar.

Døme slikt inkluderings- og informasjonsarbeid kan til dømes vera informasjonsarbeid rundt 17. mai. Det kan mellom anna vera å senda 17. programmet for bygdene heim til alle flyktningfamiliar, samt dele ut norske flagg.

Førebyggjande arbeid mot radikaliserings

Me veit at ein av dei største risikofaktorane for å søkja mot ekstreme miljø, er unge si kjensle av å vera framandgjorde. Det er derfor avgjerande at unge, i miljø som er i risikosona, får utvikla ei trygg lokal identitet og tilhøyrse til bygda si og kommunen.

Ein radikaliseringsprosess kan karakteriserast ved fylgjande utvikling (regjeringa.no):

- utvikling av eit einsidig verdsbilete
- ikkje rom for alternative perspektiv
- drastiske handlingar, som støtte eller oppfordringar til vald, vert sett på som naudsynt
- ein tanke om at føremålet heilaggjer midla

Dei to fyrste punkta, inneber at personar i ein radikaliseringsprosess utviklar eit einsidig verdsbilete. Det ikkje rom for alternative perspektiv, men meir eit svart-kvitt syn på verda og eit tydelig skilje mellom «oss» og «dei». Enkle fiendebilete og enkle løysningar dominerer.

Personar med einsidige verdsbilete, vil heilt naturleg oppfatta det som at dei forvaltar den objektive sanninga og at dei ser verda på er den einaste rette måten. Dei har ofte ein oppfatning av at den som eig den objektive sanninga ikkje treng alternative perspektiv eller nyanser.


Det er viktig å understreka at personer som har desse oppfatningane, ikkje treng å støtte eller oppfordra til vald. Eksempelvis vil strengt religiøse miljø innanfor ein kvar religion kunne plasserast innanfor fleire av disse kategoriene.

De to neste momenta innebêr at drastiske handlingar vert sett på som naudsynte og at føremålet heilaggjer midla. Dette vil anten vera tale om støtte til handling, oppfordring til handling eller å sjølv utføra handling. Dette kan ein forstå slik, at enkelte personars verdsbilete kan opplevast så akutt og alvorlig at drastiske handlingar er naudsynte og rettferdige, slik at føremålet heilaggjer midla.

Den diskret og ikkje-kriminelle åtferda som pregar mange i en radikaliseringsprosess, gjer det utfordrande å identifisere eller overvake for politi og andre aktørar. Det er ei gråsone mellom marginaliserte personar og utvikling mot "uheldige" miljø (parallelsamfunn), og dei som utviklar seg til ein direkte trussel mot storsamfunnet, som dei ikkje lenger har lojalitet til. Dei som er i en radikaliseringsprosess, men ikkje oppmodar til eller brukar vald, kan framleis utgjere ein trussel.

Hvordan sker radikalisering?

Radikalisering er en proces, der kan føre til voldelig ekstremisme eller terrorisme.



Denne modellen, som Århus i Danmark gjer seg nytte av, viser korleis lokal førebygging kan nyttast i prosessen fram til det som vert omtala som «tipping point» der radikaliseringsprosessen har kome så langt at det er umiddelbar fare for terroraksjonar, og dei personane det gjeld må handterast av nasjonale myndigheiter og PST. Det er då for seint å tenkja førebygging, og fokuset på flyttast over på sikring og skadeavgrensing.

Det er mykje eit lokalsamfunn kan gjera før ungdommane når det som vert kalla «tipping point». Barnehagen, skulen, frivillige organisasjonar, nabolaget – det er her innsatsen må inn for å gje born og ungdom med innvandrarbakgrunn kjensla av at dei høyrer til, at dei er ein ressurs og at dei er viktige for fellesskapen.

Korleis kan me så gjera dette? Det er viktig at me i alle våre møte med fleirkulturell ungdom, har med oss at alle møte dei har med det norske samfunnet, er av avgjerande betyding. Det er av heilt sentralt i førebyggingsarbeidet, at ein skapar trygge arenaer der borna kan få utvikla ein integrert identitet, og kjenna på TILHØYRSLE til lokalsamfunnet. Haldningsarbeid for dei som jobbar tett på barn og unge, svært viktig. Dette handlar om korleis me omtalar fleirkulturelle born og situasjonar i kvardagen. Dette gjeld både arbeid og fritid; om ein er lærar eller fotballtrenar. I denne samanheng, spelar KFL inn at det er viktig å auka den fleirkulturelle kompetansen/forståinga for dei som jobbar med born og unge i kommunen.

Vedlegg 1: Mal for introduksjon; tverrfagleg skjema

Dette skjemaet skal nyttast frå NAV mottek informasjon dei kan leggja inn her før familiane kjem. Skjemaet er viktig i alle vidare møte mellom dei ulike etatane.

	Rutine	Ansvar
Familie		
Dato ankomst Kvam		
Bustad/adresse		
Kartleggingssamtale NAV	Programrådgjevar møter familien. Introprogram for vaksne. NB: Sender info om familien til aktuell bhg/skule. Ved familiar som kjem utanom NAV-systemet, skal den første i hjelpeapparatet/bhg/skule, varsle resten av systemet, slik at barnet vert registrert til bhg.plass/innskriven i skule/PPT m fl.	Program- rådgjevar.
Born barnehagealder:		
Born i skulealder:	Alle får tilbod om å byrja ein klasse under sitt årskull	Rektor/ Skulesjef

Helseklarering	Kartleggingssamtale med tolk. Helseklarering.	Helsestasjojn
Vennefamilie i nabolaget?		?
Intro-barnehage	<i>Vurdera intro-barnehage dersom ikkje plass i ordinært tilbod.</i>	Oppvekst
Intro-skule	<i>Vurdera introskule ved ankomst gruppe av barn. Uansett skal ikkje born venta lenger enn til helse-eklæringa er ferdig, før deis tartar på skulen.</i>	Oppvekst Skuleleiing
INFORMASJON til familien	Skulane lagar eit oppsett/plan med dag/tid for barnehage-skulestart.	
Rettleiing bhg Rettleiing skule	PPT i samarbeid med støtteteam PPT og lærarar i særskildt norsk på skulane	PPT
Ferieklubben 6-10 år	søknad innan 1/5. Morsmålsassistentar delta på ferieklubben når borna har vore kort tid i Norge.	
Ferie for alle 11-16 år	søknad innan 1/5.	
Morsmålsassistent bhg/skule	Morsmålsassistent er suksessfaktor i høve borns utvikling av språk. Ein rettighet dei har i norsk skule. Morsmålsass. skal ha løn på vanleg måte. NAV har eiga liste over namn/nr som rektorane bruker. Opplæringspakke morsmålsassistentar; ansvar skule/barnehagesjef.	
Økonomi skule/bhg	Kva ressursar kjem til Kvam Herad som er øyremerka § 2.8? Kva ressursar kjem til Kvam Herad/NAV som er øyremerka flyktningefamiliar/born?	Oppvekstsjef
SFO	Skulen erfarer at det vert meir inkludering når borna går på SFO.	Skule

	Born i 1-4.klasse vert meldt inn i SFO, dekket av NAV første skuleåret. Programrågevar føretek innsøking for flyktningeborn.	NAV
Økonomi.	Introduksjonstilskot dekket: Hus, kle, inventar. Leiker.	Oppvekstsjef og NAV
Oppfølging av familieane	<i>På kva måte kan tenestene i oppvekst og frivillige jobba saman med Nav ? Tverrfaglege møte, informasjonsutvekslingar/-flyt, avgrensingar mellom avdelingane, kven gjer kva?</i> <i>Systemtenking, felles praksis.</i> <i>Frivilligheten: ettermiddag/kveld.</i> <i>Naboskap.</i>	Tverrfagleg
INFORMASJONSFLYT	Deltakarane på desse samarbeidsmøta orienterer aktuelle fagpersonar fortløpande.	
Samarbeidsmøte: Neste møtepunkt:		

Vedlegg 2: Introskjema for skulane

Skjema 1: Referat frå velkomstsamtalen.

*Unnateken offentlegheita; offentleglova § 13
i-fr.fvl. § 13 første ledd nr 1*

Opplysningar om eleven:

Etternamn	Mellomnamn	Fornamn	Fødsels-personnr. DUF
Kjønn	Morsmål	Andre språk eleven beherskar	Heimland.
Adresse	Postnr. og poststad	Heimetlf/ mobilnr.	Epostadresse

Opplysningar om føresette/sysken/andre viktige kontaktpersonar:

	Etternamn	Mellomnamn	Fornamn	Fødsels- personnr. DUF	Gateadr/ postnr./poststad	Telefon/mobil	Epostadresse
Mor							
Far							
Sysken							
Sysken							
Sysken							

Opplysningar om skule i heimlandet.

Namn	Adresse	Telefon/email

Tidligere skulegang:

Grunnskule- tal år	Omfang /tal mnd per år/ tal dagar per veke/ tal timar per dag.	Alder ved skulestart.
Kva land?	Undervisningsspråk	Symjedyktig

Fag eleven har hatt opplæring i	Ja eller nei	Om ja, kva var omfanget (tal år, tal timar per veke)	Sentralt innhald i faget	Om vanlege aktivitetar i timane
Ditt morsmål:				
Engelsk:				
Andre framandspråk:				
Matematikk				
Naturfag				
Samfunnsfag				
Andre fag				

Deltaking/fråvære	Gjennomføring grunnskulen/eksamen/karakter	av	Dokumentasjon Ja/nei

Kommentarar (bl.a kva likte du/likte du ikkje, kva var lett/vanskeleg?)

--

Helse- informasjon relevant for skulen:

Har eleven spesielle helseplager? Om ja, beskriv helseplagene.	Bruker eleven medisinar dagleg. Om ja , beskriv medisinane.

Språkferdigheiter:

Språk (Namn)	Flytande (Ja/nei)		Kan litt (Ja/nei)		
	Munnleg	Skriftleg	Munnleg	Skriftleg	Eleven skal kartleggjast før det vert gjort vedtak.
Norsk:					
					I kva situasjonar bruker eleven

					språket
Språk 1					
Språk 2					
Språk 3					

Informasjon gitt under velkomstsamtalen/førehandsvarsling og samtykke til særskild språkopplæring:

	Ja/nei
Det er gjeve informasjon om opplæringslova § 2-8, særskild språkopplæring, for elevar frå språklege minoritetar.	
Føresette/eleven er med dette varsla om at det vil verta gjort vedtak om særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2.8	
Dei føresette samtykker til at det vert fatta vedtak om særskild språkopplæring.	

Merknad til informasjon og varsling i punkta over:

--

Tolk har vore med under samtalen: ja/nei
--

Namn:	Dato	Signatur:
Elev:		
Føresette:		
Føresette:		
Administrasjon:		

Vedlegg 3: Introskjema for skulane
